



Nils S. Tellevik
Nordre Nesjavegen 94
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2621 - 14/15840

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
17.10.2014

Godkjenning -tiltak utan ansvarsrett. Oppføring av utebod og overbygg på Landsvik, gbnr 51/139.

Administrativt vedtak. Saknr: 298/2014

Tiltakshavar: Nils. S Tellevik
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 02.06.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av utebod og overbygg av terrasse på fritidsbustad. Det er gitt dispensasjon frå 100 meters belte til sjø og forbod om tiltak i LNF-område i UDU-vedtak 73/2014.

Omsøkt utebod er oppgitt å vera 15 m², og blir fritatt søknadsplikt etter Pbl § 20-3 etter at det er gitt dispensasjon frå LNF- område i kommuneplanen og 100- metersbeltet til sjø. Overbygget på terrassen krev løyve etter Pbl § 20-2.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF- område og innanfor 100- meters belte til sjø. Det er gitt dispensasjon frå forbodet i UDU-vedtak 73/2014.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla saman med dispensasjonssøknaden 29.05.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Plassering av tiltaket, høyde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 02.06.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 godkjenning på vilkår for oppføring av overbygg på terrasse på fritidsbustad på Gbnr 51/139 i Havrevågen i samsvar med søknad motteke 02.06.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår satt i UDU-vedtak 73/2014:

- (1) Material- og fargeval skal vera avdempa og tilpassa eksisterande fritidsbustad.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 02.06.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.